

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 20.02.2024 på Melsgjerdet 3.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 17.00

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
- Anne Ellingsen
- Henriette Hafsaas
- Ove Myklebust
- Gina Bjørndal møtte for John Helge Bjørndal, som hadde forfall

Inger Sandvik Sundnes (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett) hadde forfall.

Kommunikasjonsleiar Anne Mette Farstad og driftsleiar Bjarne Solbakken deltok i møtet

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend.

Sak 01-24 Dagleg leiar sin rapport. Orientering

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om:

- Konstituerande møte i representantskapet 07.02.24 – oppfølgande arbeid
- Økonomistatus 2023 og framover
- Organisasjonsarbeidet i VØR – status
- Forbehandling av matavfall – vidare arbeid

Sak 02-24 Avfallsrekneskapen for 2023. Orientering

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek orienteringa frå administrasjonen til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 03-24 Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS.

Saka er unnateke offentlegheit, jf. Offentleglova § 23, 1. og 4.ledd

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret godkjenner dei to avtalane og forhandlingsprotokollen mellom RSS og VØR for 2024, slik dei ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 04-24 Fritidsrenovasjonen i VØR sin regi: kvar skal lista ligge?

Administrasjonen trekte saka. Utsett til neste styremøte.

Sak 05-24 Matavfallsposar: overgang til anna materiale?

Vedtak: (5 røysteføre)

1. Styret ber om at administrasjonen førebur overgang til bioposar for matavfall, med mål om innføring seinast 1.halvår 2025. Fram til det skal ordninga med matavfallsposar i plast vidareførast.
2. Meirkostnadane med tiltaket skal innarbeidast i budsjettet for 2025.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 06-24 Tap på krav i 2023 – orienteringssak. U.off., jf offentleglova §13

Vedtak: (5 røysteføre)

1. Styret tek orienteringa om VØR sine tap på krav for 2023 til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 07-24 Styret si eigenevaluering

Saman med møteinnkallinga var utsendt evalueringsskjema som kvar av medlemene fylte ut på eiga hand før møtet.

Vedtak: (5 røysteføre)

1. Styret har gjennomført eigenevaluering og vedtek den slik det kjem fram av det vedlagde skjemaet.
2. Eigenevalueringa vert å innarbeide i Årsmeldinga til VØR, som skal handsamast på neste styremøte og deretter leggst fram for representantskapen.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 08-24 Referatsaker

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek referatsakene til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Følgande referatsaker vart framlagde:

- A. *Representantskapen i VØR – møtebok og opplæringsmateriell frå konstituerande møte 07.02.24*
- B. *Søknad om Klimasats-midlar til Forprosjekt – forbehandling av matavfall, innlevert 13.02.2024*

Sak 09-24 Godkjenning av møtebok


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 20.02.24 slik den ligg føre.

Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 20.02.2024


Hallvard Bjørneset
Leiar


Henriette Hafsaas


Ove Myklebust


Anne Ellingsen
Nestleiar


Gina Bjørdal

Hans Peter Eidseflot
referent